



VOSS KOMMUNE
Formannskap/ plan og økonomi

Det kongelige Landbruks- og matdepartement
Postboks 8007 Dep.

0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr:	2005 : 1130 - 174
Dokumentnr:	
Mottatt:	7 NOV 2005 ASR/JBR
Saksbehandler:	IAA
Arkivnr:	41
Kode:	
Aversnr:	

Vår ref
05/1572-4 18845/05

Etat/ avd. Saksbeh
UTV SJK

Ark.
V04 &00

Dykkar ref. Dato
04.11.2005


ENDRINGAR I JORDLOVA - HØYRING

Formannskap/ plan og økonomi behandla i møte 03.11.2005 sak 167/05.
Det vart gjort følgjande

Vedtak:

1. Voss kommune går mot at det vert føreteke endringar i jordlova slik det vert skissert i del I og del II i høringsbrevet frå Landbruksdepartementet dat. 30.06.2005.
2. Voss kommune har ingen merknad til at det vert føreteke endringar i jordlova slik det vert skissert i del III og IV i høringsbrevet.

Med helsing


Olav Auganes
assisterande rådmann

Vedlegg: Samla saksframlegg

Kopi til: Næringsavdelinga, her,

SAMLA SAKSFRAMSTILLING



Arkivsak: 05/1572-18847/05
Saksbeh.: Sverre Jostein Kvistad
Arkivkode: V04 &00

Saksnr.:	Utval	Møtedato
167/05	Formannskap/ plan og økonomi	03.11.2005

SAMLA SAK - ENDRINGAR I JORDLOVA - HØYRING

Innstilling:

Administrasjonen si innstilling:

1. Voss kommune går mot at det vert føreteke endringar i jordlova slik det vert skissert i del I og del II i høyringsbrevet frå Landbruksdepartementet dat. 30.06.2005.
2. Voss kommune har ingen merknad til at det vert føreteke endringar i jordlova slik det vert skissert i del III og IV i høyringsbrevet.

Formannskap/ plan og økonomi den 03.11.2005 sak 167/05

Behandling i møte:

Administrasjonen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

1. Voss kommune går mot at det vert føreteke endringar i jordlova slik det vert skissert i del I og del II i høyringsbrevet frå Landbruksdepartementet dat. 30.06.2005.
2. Voss kommune har ingen merknad til at det vert føreteke endringar i jordlova slik det vert skissert i del III og IV i høyringsbrevet.

Administrasjonen si utgreiing:

2. DOKUMENT SOM BAKGRUNN FOR SAKA:

Dokument merka med * ligg ved.

* Høyringsbrev - forslag til diverse endringar i jordlova m.v.

* Samandrag

Høyringsnotat Endringar i jordlova m.v.

* Side 13 - 21 i høyringsnotetet (Behovet for endring)

3. SAMANDRAG AV SAKA:

Landbruks- og matdepartementet føreslår endring av jordlova slik at det generelle delingsforbudet i § 12 i jordlova vert oppheva samstundes som det vert fastsett reglar for å søkja om delingssamtykke ved deling eller frådeling av dyrka jord.

Delingsforbudet i jordlova har vore viktig i høve til styring av eigedomsstrukturen i landbruket sidan jordlova vart innført i 1955.

Endringsframlegget har fire hovuddeler:

Del I går i hovudsak på oppheving av delingsforbudet, jordlova § 12.

Del II går på oppheving av føresegnene om staten sine kjøp av tilleggsjord og føresegner om ekspropriasjon etter jordlova.

Del III går på å synleggjera kva reaksjonar forvaltninga kan nytta ved brot på tilskotsregelverket, jordlova § 18.

Del IV gjeld oppheving av ein del uaktuelle lover.

4. FAKTA OM SAKA:

Landbruks- og matdepartementet har sendt ut på høyring, til m.a. kommunane, forslag til lovendringar i jordlova. Høyringsfristen er sett til 1. november 2005.

Saka har fått eit uheldig forløp i Voss kommune med di saka ved eit misstak vart scanna inn som vedlegg til feil sak og arkivert på feil kommunalavdeling.

Kommunalavdeling Utvikling vart gjort kjend med saka 28.10.2005.

Forslaga til lovendringane er delt i 4 såleis:

- Oppheving av delingsforbudet, jordlova § 12, del I
- Oppheving av føresegner om staten sine kjøp av tilleggsjord og føresegner om ekspropriasjon etter jordlova, del II
- Tilskotsordninga, jordlova § 18, del III
- Oppheving av nokre uaktuelle lover, del IV

Dei viktigaste endringsforslaga i del I og del II er:

- oppheving av det generelle forbudet mot deling av landbrukseigedom
- ny regel om frådelingsforbod av dyrka jord der det ikkje er gjeve omdisponeringsløyve eller
 - at jorda ikkje skal gå som tillegg til anna aktivt bruk
- frådeling av bygingar i eller nær tunet framleis krev delingsløyve
- kommunen kan innføra lokal forskrift om delingsforbod der det er ynskjeleg med omsyn til driftsmessig gode løysingar og/eller omsynet til kulturlandskapet

Talet på gardsbruk har gått drastisk nedover dei siste åra. Landbrukseigedomar vert fråflytta, kulturlandskapet gror att og det minkar på "dei levande bygdene".

Undersøkingar syner at i samfunnet er der mange som ynskjer å flytta frå urbane strøk til bygder og småbruk.

Det har m.a. gjennom "Landbruk Pluss" vore freista å auka tilgangen på landbrukseigedomar.

Konsesjonsgrensene er i dag slik at det er høve å skaffa seg eigedomar under 100 daa totalareal eller under 20 daa fulldyrka jord konsesjonsfritt.

5. ADMINISTRASJONEN SI VURDERING:

Dei endringane som er omfatta av høyringa sine del I og II omfattar ein del prinsipielle spørsmål.

Går framlegget gjennom vil delingsforbodet som gjeld i dag verta oppheva og store deler av ein landbrukseigedom sine ressursar kan omsetjast fritt. Det er besnærande å tru at dette kan vera med å oppretthalda levande bygder ved tilflytting. Mange slike tilflyttinga vil nok enda opp som "fritidstilflytting" og såleis ikkje verka positivt på heilårsbusetnaden.

Den praksisen som alt er i dag med å gje løyve til frådeling av tunet og sal av restarealet som tilleggsjord har gjort at me har fått ein del atraktive buplassar i distrikta. Det er såleis ikkje sikkert at oppheving av delingsforbodet vil påskunda busetning i distrikta.

Oppheving av delingsforbodet vil, i endå større grad enn i dag, føra til ulik praksis mellom kommunane når det gjeld frådelingssaker.

I høve til bu- og driveplikta vil ei oppheving av delingsforbodet vera med å gjæra det svært vanskeleg å fylja opp desse krava. Dette vil i særleg grad gjelda buplikta.

Lovverket me har i dag er rimeleg oversiktleg og det er såleis rimeleg greitt å orientera publikum om innhalde i lova.

Den føreslåtte endringa kan føra til eit regelverk som vert lang mindre oversiktleg og vansklegare å rettleia publikum i.

Ved å leggja til rette for så store "tomter" som det kan verta snakk om inne i LNF-område vil det fort verta eit auka konfliktnivå mellom den aktive gardsdrifta og tilflyttarar. Dette vil særleg vera konfliktar ved spreiring av husdyrgjødsel og bruk av plantevernmidlar.

I høyringsforslaget står det at det skal takast omsyn til kulturlandskapsverdiane. Me trur at dette vert vanskeleg i praksis. Det vil, slik høyringsresultatet legg det til rette, m.a. vera kulturlandskapet og lokale særpreg som vert skadelidande.

Til delane III og IV har me ingen merknader.

Ut frå ei landbruksfagleg vurdering kan me ikkje sjå at dei endringane som høyringsforslaget sine del I og II legg opp til vil vera betre en det lovverket me har i dag for å nå måla om betre ressursforvaltning, nyskaping, næringsverksemd, tilflytting, inovasjon og livskvalitet. Me vil ikkje rå til at det ikkje vert gjort dei endringane i del I og II som høyringsbrevet legg opp til.